



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo

FYLKESORDFØRAREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		144599/2017/	Gunn Elin Nygård	05.12.2017

## **Uttale til Stortinget om namn på ny region som omfattar Sogn og Fjordane og Hordaland**

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal behandla sak U 128/17 i møte 20. november 2017 og vedtok samråystes følgjande uttale til Stortinget:

### **«Vestlandet er meir enn Hordaland og Sogn og Fjordane!»**

Møre og Romsdal fylkeskommune er sterkt forundra over at våre nabofylke sør for oss, Sogn og Fjordane og Hordaland, ønskjer å kalle sin nye region for «Vestlandet». Vi oppmodar stortingsrepresentantane om ikkje å godkjenne dette namnet. Dette vil vere eit misvisande namn på den nye regionen.

Identiteten til namnet Vestlandet er knytt til ein landsdel som femner fylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og delar av Møre og Romsdal. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar Språkrådet si vurdering av at det vil vere ueheldig om nemninga «Vestlandet» blir reservert for berre to av desse fire fylka, og at ein må unngå at «Vestlandet» blir brukt på to ulike måtar. Eit fleirtal av dei som i dag kjenner seg som vestlendingar vil bu utafor Vestlandet med ein slik ny bruksmåte.

Møre og Romsdal fylkeskommune synest Hordaland og Sogn og Fjordane viser mangel på respekt både for historia til namnet og for oss andre på Vestlandet når dei foreslår «Vestlandet» som namn på sin region. Forslaget skapar splid heller enn invitasjon til vidare samarbeid. Vi oppmodar Stortinget om å finne eit namn på Hordaland + Sogn og Fjordane som ikkje provoserer gode naboar i sør og nord. Språkrådet har komme med fleire forslag vi lett kan stille oss bak.»

Med helsing

Jon Aasen

Kopi:

Mørebekken

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Hordaland fylkeskommune  
Rogaland fylkeskommune

Fylkeshuset, Askedalen 2      6863 Leikanger  
Postboks 7900      5020 Bergen  
Sentrum Postboks 130      4001 Stavanger